



Spar Uskedalen

Spar Uskedalen inviterer alle til å delta i ein limerick-konkurransse. Innhaldet i verset skal gå på kvifor Uskedalen er plassen å feriera. Innsendinga skjer via Spar Uskedalen si facebook-side. Innsendingsfristen er 1.august, og vinnarpremien er ein gummibåt og heiderleg omtale. Her er det berre å slenga seg med!

Uskedalen.no sin medarbeidar oppsummerer konkurransen i følgjande vers:

Uskedal byr på det meste,
 det meiner iallfall dei fleste.
 Om godord du har
 så send dei til Spar.
 Båtpremien går til den beste.

Han har også prøvt seg med å senda inn følgjande vers i konkurransen:

Dei som rundt oss på kloden vår bur,
 bør til Uskedal på ferietur
 Forutan Oska og Spar
 og Rabben vi har,
 det sprekast` av vestnorsk natur

Kom igjen folkens! Skriv versa dåkes på facebookside til Spar Uskedalen! Lukke til alle saman!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland